



Skarsvåg Rør- og Interiør A/S
Melandsvegen 15
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/540 - 17/5428

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
28.03.2017

Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk Gbnr 38/42,54 Kyrkjesundvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 75/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 22.02.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 10.03.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk, for fritidseigedomen gbnr 38/42,54 i Kyrkjesundvegen. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via privat felles stikkledning. Denne fellesledningen vart godkjent etablert 21.02.2011 i sak DNT.80/2011.

Det ligg føre naudsynt dokumentasjon som syner at eigedomen gbnr 38/42,54 har løyve til å kopla seg til den private felles stikkledningen.

Eigedomen har godkjent avlaupsløysing med slamavskiljar.

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Skarsvåg Rør & Interiør as.

Vurdering:

Naudsynte erklæringar ligg føre og søknaden var komplett 10.03.2017. Adminiistrasjonen har ingen merknader til eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at ein fritidsbustad på gbnr 38/42, 54 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad motteke journalført 22.02.2016 og supplerande dokumentasjon motteke journalført 10.03.2017 og på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.
- Tilknyttinga skal skje via privat fellesledning frå kum. Melding med dokumentasjon frå utførande

rørleggjar når tilknytninga er utført.

- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- per bueining pluss mva.

Det er erklært ansvarsrett frå føretaket Skarsvåg Rør & Interiør as.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart VA 38-42,54

Kopi til:

Rune Hjermann

Bernhard Meyers 5018
Vei 4

BERGEN

Mottakere:

Skarsvåg Rør- og Interiør A/S

Melandsvegen 15 5918

FREKHAUG